



Ordførarane i Hordaland

Dato: 24.08.2015

Vår ref.: 2014/17340-33

Saksbehandlar: hanespe

Dykkar ref.:

Friluftslivets år 2015

- kåring av Hordaland sitt mest attraktive friluftsområde - ny frist!

Fylkeskommunen har, i høve Friluftslivets år 2015, invitert til ei kåring av fylket sitt mest attraktive friluftsområde. Kvar kommune kan nominere eitt område kvar, ein fagjury plukkar ut ei liste på 3-5 som vert presentert for Kultur- og ressursutvalet som tek den endelege avgjersla og kårar ein vinnar.

Det er ti kommunar som har sendt inn sine nominasjonar; Sund, Askøy, Øygarden, Fus, Bergen, Stord, Bømlo, Tysnes, Fjell og Radøy. Det er flotte friluftsområder som er nominert – som alle viser litt av det mangfaldet av naturopplevingar Hordaland har å by på. Av dei ti, er kommunane i vest sterkt representert, medan ingen av Hardanger-kommunane har nominert sine friluftsområder. Dette får no ordførarane moglegheit til å jamne ut.

Fagjuryen ønskjer å få fram nominasjonar av friluftsområde i alle kommunar og såleis er fristen for å sende inn nominasjonar til kåringa av Hordaland sitt mest attraktive friluftsområde **utsett til 15. oktober**. Vi oppmodar om å mobilisere i dei kommunane som framleis ikkje har nominert sine område. Vinnaren vert vedteken av KURE, og prisen vert delt ut i fylkestinget i desember.

Retningslinene er forma i tråd med statleg friluftspolitikk, Regionalt kulturplan (20 15-2025) og Miljødirektoratet sin rettleiar for verdsetjing av friluftsområder;

- Lokalisering — i eller utanfor tettstad/by, nærleik til skule, idrettsparkar mm.
- Brukargrupper frå nærmiljøet og i regionen - kor mange potensielle brukar er det for området som bur i nærleiken og kor attraktivt er det for brukarar frå andre kommunar.
- Grad av tilrettelegging for alle befolkningsgrupper (universelt utforming) — t.d. skilting, parkering, turløyper, toalett, eldstad, baderampe, kai, fiskepir.
- Tilkomst til friluftsområde — korleis er det tilrettelagt for at brukarar kjem seg til området t.d. ved gange, sykkel, kollektivtransport, bil, båt, kajakk.
- Høve for aktivitetar i ulike delar av året — på land og i vatn — t.d. utstyrssbank, nærmiljøanlegg som sandvolley, treningsapparat, hinderløyper, gapahuk, tilrettelagt for kajakk/kano.
- Natur og kulturhistoriske opplevingskvalitetar — kva kan ein oppleve av tilleggsverdiar i friluftsområdet og korleis dette vert formidla.

I dykkar nominasjon ber vi dykk seie noko om kva eventuelle prispengar på kr 30.000 skal nyttast for å gjere område endå meir attraktivt. Søknaden skal innehalde bilet, skildring og ei grunngjeving. Skjema er tilgjengeleg på www.hordaland.no

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

Britt Karen Spjeld
Fylkesidrettssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.